



Ordføraren sitt hjørna – november 2009

No er det like før. Det er like før med mykje.....

Til helga er det sesongopning i skisenteret, det er like før vinteren set inn for fullt og budsjettframlegget for 2010 er snart klart. Heldigvis har me ikkje like mykje "styr" med budsjettet vårt som naboen Gol har, men det er ikkje rom for mykje sprell.

Slik det ser ut no er me i stand til å vidareføre aktiviteten og tenestenivået vårt også i 2010. Nye tiltak er det lite rom for, og me er veldig sårbare for endringar i t.d. barnevern og sosiale ytingar. Med relativt stor lånegjeld vil også renteauke i framtida ta større del av budsjettet. Likevel, me har gode tenester og brukbart handlingsrom i høve til mange andre kommunar. Det er ikkje rett å klaga for mykje, men det er utfordrande å få dekkja opp nok bemanning på skular, barnehagar og innan helse, pleie og omsorg.

Hemsedal kommune har friske arbeidstakarar. Det er noko me set stor pris på. Det er viktig i arbeidssituasjonar at bemanninga er der til kvar tid, og det er ein gevinst for oss som arbeidsgjevarar at folk er friske. Kor stor del arbeidsgjevarar har i dette veit eg ikkje.

Det er vel kombinasjonar av tilrettelegging på arbeidsplass og at den einskilde tek tak i sin eigen situasjon med fysisk aktivitet. Her trur eg prosjektet "Friskliv" er positivt, saman med ei aktiv trimgruppe i idrettslaget og tilrettelegging av turtilbod, skiløyper og mykje anna. Trivsel og mosjon er viktig for å takle arbeidsdagane. Motivasjonen og viljen er nok også tilstades i massevis. Hemsedal blir lagt merke til som ei svært frisk bygd.

Det er mykje som tyder på at bygging av vegprosjektet Sokna – Ørgenvika blir starta opp om eit par år. Dette er ikkje for tidleg, det har vore ein lang prosess. Hallingdalskommunane og næringslivet her har stått på i fleire 10-år, og den siste tida har Buskerud fylkeskommune vore ein svært viktig medspelar. Dette er eit stort prosjekt der kostnaden er stipulert til nesten 1,5 milliard, og litt over halvparten skal dekkast inn ved bompengar.

Statens vegvesen har laga reguleringsplanar og gjort berekningar på trafikkmengde og byggekostnad. Grunnlaget for ein Stortingsproposisjon som tillet bompengefinansiering er ferdig. Dersom denne blir vedtatt i 2010 synes det å vera klart for oppstart i 2011, sjølv om det i nyleg vedteken NTP ikkje er pengar inne der før i 2013. Dette fordi Buskerud fylkeskommune har gjort vedtak om å garantere for heile byggesummen på 1,5 milliardar. Denne forskotteringa gjer at me kan starte opp tidlegare enn om me må vente på pengar frå statsbudsjettet.

Sokna – Ørgenvika vil korte ned reisetida til Oslo med i underkant av 20 minutt. Vegen blir 20 km kortare, og er det mest lønsame vegprosjekt i Norge i dag når ein reknar med innsparing av tid og drivstoff, og sjølv sagt miljøgevinsten som ligg i dette. Me får vel ikkje sleppe jubelen laus før

arbeidet er ferdig, men alt tyder på at i 2013 / 2014 er dette ein realitet.

Bompengesaka var oppe i kommunestyret i

førrige møtet, og det var berre Frp som røysta imot. Nødvendige vedtak er gjort i alle kommunestyra i Hallingdal og i fylkestinget. Det blir no viktig å halde presset oppe mot departement og Storting slik at bompengeproposisjonen blir hand-sama våren 2010. Det bør kunne gå sjølv om det også må til ei siste konsekvensutgreiing i vegdirektoratet før saka kan fremmast. Dette arbeidet er stipulert til 4 månader. **Eg er optimist.**

Novemberhelsing frå

Oddvar Grøthe
ordførar
(sign.)